

Versjon 2

Endringar i raudt.

Forskrift [dato] om utvida bandtvang, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal

Heimel: Fastsett av Sykkylven kommunestyre [dato] med heimel i lov 4. juli 2003, nr. 74 om hundehold (hundelova) § 6 andre ledd bokstavene a-e og 4. ledd, samt § 11.

§ 1 . Føremål

Føremålet med forskrifta er å fremje eit godt og forsvarleg hundehold som ivaretek omsynet til trykkleik for folk og dyr, samt alminneleg ro og orden.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld utvida reglar for bandtvang i Sykkylven kommune, og kjem i tillegg til ordinære føresegnar om bandtvang gitt i hundelova av 4. juli 2003 nr. 74. Forskrifta gjeld for alle som bur eller oppheld seg i kommunen fast eller mellombels.

§ 3. Utvida bandtvang av omsyn til husdyr på beite

I Sykkylven kommune skal hundar utover den generelle bandtvangen i perioden 1. april – 20. august, også haldast i band eller forsvarleg innestengd eller inngjerda i tida frå og med 21. august til og med **31. oktober** i område der bufe har rett til å beite og faktisk beitar.

§ 4. Område med bandtvang heile eller delar av året

Av omsyn til tryggleik for born og vaksne som oppheld seg i og ved oppkøyrde skiløyper, parkar, anlegg for leik, idrett og sport eller rekreasjon er det bandtvang heile året i nemnde område. I tillegg gjeldande for rekreasjonsområda definert til Haugneset friområde, Aursneset friområde og badeplassen ved Andestad. Dersom hund er med, skal det ikkje vere til hinder for andre brukarar.

§ 5. Område der hundar ikkje har eller har avgrensa tilgjenge

Hundar har ikkje tilgjenge til barnehagar, skuleområde og kyrkjegardar utan avtale mellom hundeførar og den som er ansvarlig for nevnte område. Regelverket gjeld ikkje førarhund for blinde eller svaksynte.

§ 6. Unntak frå bandtvangsføresegnene

Unntak frå bandtvang går fram av § 9 i hundelova. Dette gjeld m.a.:

- a. dressert hund brukt til gjeting
- b. hund i aktiv politi-, militær- og redningshundteneste eller under trening eller prøving for slik teneste
- c. hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såra vilt
- d. hund brukt til jakt, jakthundtrening og jaktprøving.

Jakthundtrening, jakthundprøver og dressur kan berre gå føre seg med samtykke av grunneigaren eller den som har ein allmenn bruksrett til eigedomen.

§ 7. Forsøpling

Hundehaldar pliktar å fjerne avføring som hunden legg att i tettbygd strøk, langs offentleg veg, idrettsanlegg, skiløype og tilrettelagt friluftsområde, eller i andre område som er tilgjengeleg for allmenta i tettbygde strok.

§ 8. Straff

Brot på regelverket i denne forskrifta er straffbart og kan straffast etter hundelova § 28.

§ 9. Ikraftsetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft frå kunngjeringsdato i Norsk Lovtidend.
Frå same tid opphevast forskrift 24. oktober 2011 nr. 1226 om utvida bandtvang for hund, Sykkylven
kommune, Møre og Romsdal.